



RASSIKRING. Her skal eitt av dei fem fonnverna i høgaste lia ovom Overøye stå, viser Roger Busengdal. Roberto Mammoliti og Elio Foy frå Italia står nede saman med Bjørn Busengdal.

Fonnvern under fjelltopp

Italienske fjellmenn frå Mont Blanc byggjer fonnvern på Overøye.

RASSIKRING. For å hindre snørås med mot eit nytt hyttefelt på Overøye, har Busengdal Transport fått rasekspertar frå Alpane til å setje opp rassikring.

Etter ein bratt tur rett til fjells i ei militær beltevogn med Bjørn Busengdal bak rattet, kjem vi opp til eit av byggeområda i 800 meters høgde.

Her er det laga fundament til gjerdra som helikopter skal flyge opp.


- Vi skal setje opp rassikring av stål i fem rekker. Den øverste vert fem meter høg, og det er det tredje i Europa som er så høg, fortel Roger Busengdal.

For å vere sikker på å få det rett til, har dei leigt inn ekspertar frå fjellsidene i Mont Blanc til å gjere arbeidet.

Det er NGI som krev rassikring. Her gjekk det sist snørås på slutten av 1970-talet.

- I Alpane er det mange slike anlegg for sikring mot snørås. Dette kan desse karane, seier Bjørn Busengdal og ser på mennene som er både fjellklatrarar og anleggsarbeidarar.

Fjellgrend. -Denne rassikringa skal først og fremst verne hyttefeltet Overøye fjellgrend med 32 tomter, men gjerdet frigjer fleire tomter, fortel dei. Busengdal Transport har kjøpt områ-



RASVERN. Roberto Mammoliti har laga mange slike fonnvern i Alpane som han set opp ved Overøye i Stordal.

det, og dei har selt 15 av tomtene sine her. Åtte hytter har kome opp i år.

Turen til fjells med beltevogna foregår på bratt anleggsvog, men hyttefolket har ikkje ein så strevsam tur til fjells. Feltet ligg midt i lia med bilveg fram.

Her går skitrekkingen like forbi. Det er dette trekking som gjer området attraktivt for hyttefolk. Oppe i lia er det vidt utsyn til den gryteforma dalen der det er varmt og godt om sommaren og garantert snø om vinteren.

Frå Bjorli. Tomtekjøparane har delvis hatt campingvogn her, men andre har selt hytta på Bjorli.

Det er meir overkomeleg å køyre på helgetur til Stordal enn dit.

Tomteprisen varierer mellom 490 000 og 620 000 kroner.

- Det vi sel på er at vi ligg nær Ålesund, at det er sikkert med snø om vinteren og at her er landfast. Vi tener ikkje så mykje på dette, men vi er med å utvikle Stordalssamfunnet, seier dei før vi køyrer nedatt den bratte vegen til flat mark.

FRODE KLEIVELAND
frode.kleiveland@smp.no

MORTEN. HJERTØ(FOTO)
morten.hjertoe@smp.no



VINNERNE. Tjueåringene Johan Jøsok fra Brattvåg (t.h.) og klassekameraten Magnus Henriksen vant den grafiske designkonkurransen foran etablerte byråer. FOTO: HEIDI BACK

Vant grafikkpris

Brattvågingen Johan Jøsok (20) og klassekameraten danket ut proffene og vant grafisk designkonkurranse.

GRAFIKKDUGNAD. -Det er nesten ikke til å tro! Dette blir flott å ha på CV-en, jubler Johan Jøsok som nylig har startet på andre året ved Norges Kreative Fagskole, der han studerer grafisk design.

Tiltaket Design for alvor er en dugnad der designbyråer, trykkerier og produksjonsmiljøer sender inn sine forslag til grafisk profil for en utvalgt, ideell organisasjon. I år var det Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) som var utvalgt.

Uventet. -Det er utrolig morsomt at jeg og Magnus vant. Det var ikke ventet i det hele tatt. Den siste beskjeden vi fikk, var at det kun var etablerte byråer som hadde mulighet til å vinne. Derfor var det ekstra morsomt å stikke av med seieren, sier Johan Jøsok.

-Og nå blir dere rike?
-Nei, langt ifra! Dette er ren dugnad. Etter å ha vunnet prisen, gjenstår det en masse arbeid i samarbeid med FFO, skolen vår og mentor for å produsere de endelige løsningene som skal brukes i FFO sitt grafiske materiale. Det er fantastisk flott for oss studenter å ha noe slikt å vise til i framtida, sier Johan Jøsok.

Han forteller at han reiste rett fra videregående skole til Norges Kreative Fagskole. Der er han nylig begynt på andre året, og fikk utfordringen med konkurransen rett i faget.

Jøsok og Henriksen leverte hvert sitt bidrag, men oppdragsgiverne fant at hvert av dem hadde sine sterke sider og at de burde samarbeides.

Fossekalen. Noe av det viktigste bidraget fra Jøsok er selve logoen som er en stilisert utgave av den norske nasjonalfuglen, fossekalen.

-Selv om den er liten, har den en sterk posisjon i Norge. I tillegg representerer den frihet, noe som er aktuelt for FFO, siden deres mål er å gi funksjonshemmede mulighet til å gjøre det de vil, sier Johan Jøsok.

KARL JOHAN VATNE
karl.johan.vatne@smp.no

Opstad med éin p

MIDSUND. Kommunestyret i Midsund meiner samrøystes at garden Opstad skal heite Opstad.

Begge namneformer er godkjende. Opstad vert nytta på kart, men dette har vekt reaksjonar i lokalmiljøet. Skrivemåten har vore Opstad sidan 1500-talet og dette er òg den skrivemåten som dei fleste i bygda nyttar.

Det er Statens kartverk som har vedtaksrett for skrivemåten til gardsnamnet. Lova syner at skrivemåten til eigaren skal tilleggjast særskilt vekt.

Alle grunneigarane og andre som har gjeve fråsegn, meiner at namnet skal vere Opstad med ein p, og det same meiner altså eit samrøystes kommunestyre.

HELGE GLOPPEN
hg@smp.no